



## KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

**Møtedato:** 15. november 2018

Stad: Meland kommunehus – Møterom 1

Kl.: 08.30 – 11.45

Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Rikke Slåtten Nordal (medlem), Aslaug Aalen (medlem), Morten Klementsen (medlem) og Øyvind Bratshaug (medlem)

Innkalla: Økonomisjef Per Inge Olsen (til sak 36-38 )

Revisjon: Forvaltningsrevisor Dag Inge Bøe ( til sak 39/18)

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall:

Rikke Slåtten Nordal og Morten Klementsen - permisjon frå 10.45 etter sak 39  
Ved handsaming av sak 40 - 44 var det 5 av 7 medlemar til stades.

.....

### 41/18 Val av revisjonsordning Alver kommune – tilråding frå kontrollutvalet

#### Saksvedlegg:

- Utgreiing for val av revisjonsordning for Alver kommune
- Selskapsavtale for Nordhordland Revisjon IKS

#### Saksopplysningar:

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har vedteke at dei skal slåast saman til Alver kommune frå 01.01.2020. I den samanheng skal det veljast revisjonsordning og revisor for den nye kommunen.

Kommunestyra i dei tre kommunane har delegert til fellesnemnda å ta stilling til revisjonsordninga. Fellesnemnda skal gjere sitt vedtak på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.

Kontrollutvala i kommunane vedtok i sine ulike møter i september 2018 at sekretariatet skulle utgrei og utarbeide ei sak om val av revisjonsordning, basert på dei moment og framdriftsplan som låg til grunn ved vedtak om oppstart av denne saka.

Det vart gjeve ei orientering om utgreiinga av revisjonsordninga i fellesmøte for kontrollutvala den 2. november 2018. I møtet vart ulike sider av saka deretter drøfta.

Kontrollutvala i dei tre kommunane skal no, kvar for seg, gjere vedtak om si tilråding til fellesnemnda om val av revisjonsordning for Alver kommune.

Med grunnlag i dei vurderingar som går fram av vedlagt utgreiing, vert det her føreslege to alternative tilrådingar frå sekretariatet.

**Behandling i møte:**

Saka vart inngåande drøfta.

**Framlegg til vedtak:**

**Alt. 1**

Alver kommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisionstenester. Ein går i dialog med Nordhordland Revisjon IKS for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomiske rammevilkår.

**Alt. 2**

Alver kommune vel å kjøpa alle revisionstenester i marknaden. Kommunane Meland og Radøy må gjera eit arbeid for å avslutta sine tenesteleveransar og eigarskap i Nordhordland Revisjon IKS fom 01.01.2020.

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy førebur sak om innkjøp av revisionstenester med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurranse-grunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

**Samrøystes vedtak:**

Alver kommune vel å kjøpa alle revisionstenester i marknaden. Kommunane Meland og Radøy må gjera eit arbeid for å avslutta sine tenesteleveransar og eigarskap i Nordhordland Revisjon IKS fom 01.01.2020.

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy førebur sak om innkjøp av revisionstenester med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurranse-grunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Frekhaug, torsdag 15. november 2018

  
Kåre Skibenes

  
Øivind Olsnes/sekretær